

MØTEBOK – TITTELARK

FELLESRÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
21.09.2017

Tilstades på møtet:

- **Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Per Børge Hillestad, Arne Lerøy, Svein Tomas Villanger, Anny Bertelesen.

Varamedlemmer: Inger Synnevåg

Andre: Kommunal representant: Anne Dahle Austrheim.

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Sylvelinn Fonnes, Anita Bakke, Kine Lerøy

Desse møtte ikkje: Britt Ystebø, Jusu Gyflan

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 18/17 – F – 24/17

Til møtet var medlemmer og varamedlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 01/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader

F– 18/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 08.06.2017

Vedtak:

Møtebok frå 08.06.2017 vart godkjent utan merknader.

F – 19/17 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK:

Vedtak:

Anny Bertelsen og Bjørn Helge Olsen.

F – 20/17 ORIENTERINGSSAKER

1. Budsjettet 2017 – status så langt. *Merknad i møtet: Frå og med 2018 må soknet over på nye artskontoar, tilsvarende som for kommunen.*
2. Lokale forhandlingar

F – 21/17 DATALØYSINGA PÅ KONTORET

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd opnar for overgang til Kirkepartner sin dataplattform. Administrasjonen får i oppgåve å iverksetja denne overgangen på det tidspunktet som er mest tenleg.

Vedtak:

Austrheim sokneråd opnar for overgang til Kirkepartner sin dataplattform. Administrasjonen får i oppgåve å iverksetja denne overgangen på det tidspunktet som er mest tenleg.

Bakgrunn:

Dei ulike IKT løysingane som kyrkjene rundtom brukar er ulike og tenestene vert levert av fleire aktørar i marknaden. Austrheim sokn brukar «**Kirkedata**» som leverandør på alt som går på det eksterne skrivebordet (epost, dokumenthandsaming, osv). Vi brukar «Agrando» til eit program som heiter «Medarbeideren». Dette programmet brukar vi for administrering av konfirmantane og for masseutsending av sms. Vi brukar ytterlegare eit program som heiter «Ecclesia» for alt som går på administrasjon av gravstell. Dette er programvare som vil vera synkronisert med den plattformen som «**Kirkepartner**» tilbyr og vil tilby framover.

Når det gjeld utforming av heimesida vår, så vert den drifta av «**Kirkepartner**», som er kyrkja sitt eige IKT – selskap. Her har vi også nyleg kopla oss på deira intranett, som inntil vidare har vore ei gratis løysing. Heimesideløysinga er allereie gjenkjenneleg og dei aller fleste sokna i landet har tatt denne i bruk. Vi måtte for 2 år sidan kjøpa 1 aksje for å kunna få

tilgang til å bruka heimesideløysinga. På den måten har vi allereie blitt medeigarar i «**Kirkepartner**» Vi betalar ei årleg driftsavgift for å kunna nytta oss av heimesideløysinga.

«**Kirkepartner**» er altså kyrkja sitt eige IKT selskap og har blitt etablert av Kyrkjerådet, Kirkelig arbeidsgiver og interesseorganisasjon (KA), **Opplysningsvesenets Fond og Kirkelig Fellestråd i Oslo. Etter kvart har fleire** av dei store fellestråda involvert seg i selskapet, for å påverka utviklinga.

«**Kirkepartner**» tilbyr det same som Kirkeidata gjer i dag. I tillegg til at dei leverer eit elektronisk arkivsystem, har heimesideløysing og ikkje minst eit intranett, som vil bli meir og meir aktuelt i tida som kjem. Både Kyrkjerådet og KA ønskjer at alle fellestråda skal gå inn på den pakkeløysinga som Kirkepartner kan tilby. Ved ein eventuell overgang til Kirkepartner vil dei også kunna tilby eit NOARK godkjent elektronisk arkivsystem, som vi ikkje har i dag. Om soknerådet går inn for ei slik løysing, er det aktuelt å prøva og få til ei etablering av eit slikt system i samarbeid med andre, for å få ned etableringskostnadane. Etableringskostnaden for eit slikt arkiv vil vera kr 59.000 om vi gjer det åleine. Om til dømes Masfjorden og Fedje går med på ei tilsvarande etablering, vert kostnaden redusert til kr 20.000 for kvart av sokna. I 2016 hadde vi kontingentutgifter til Kirkeidata på kr 25.629. Andre kontingentar og utgifter til drift utgjorde kr 33.466. Samla utgifter til IKT drift og lisensar utgjorde kr 50.095 i 2016.. Dette er utgifter som vil auka i åra som kjem, uavhengig av kva for dataløysing vi landar på.

Drøfting:

Dette er ei sak som er prinsipielt krevjande. På den eine sida er det forståeleg at kyrkja sjølv ønskjer ei IKT løysing som er mest mogeleg einsarta og gjenkjenneleg. Dette er truleg også bakgrunnen for at «Kirkepartner» er blitt etablert. Det vert også argumentert for at «Kirkepartner» via sine eigarar, måtte etablere eit selskap som har særskilt kjennskap til kyrkja sine behov. Slik det er i dag er det fleire aktørar i marknaden som tilbyr sine løysingar. Dette kan virke uoversiktleg.

Den andre sida av dette – og det er det mange som har reagert på – er måten «Kirkepartner» har blitt lansert på. Det er noko umusikalsk ved at både Kyrkjerådet og KA på ein måte promoterer ein bestemt aktør i marknaden – på bekostning av andre. Når eigarane på denne måten etablerer sitt eige selskap og attpåtil «tvingar» brukarane inn i det same selskapet, så har dette skapt reaksjonar. Det som Austrheim sokn i denne saka må ta stilling til, er om vi skal melda overgang til Kirkepartner eller ikkje. Konkret vil dette gå ut over Kirkeidata. Dei andre aktørane som vi brukar i dag, vil framleis kunna levera sine løysingar innanfor Kirkepartner-paraplyen.

Når kyrkjevevja likevel tilrår ein slik overgang, har dette samanheng med opplevinga av at vi ikkje har så mykje anna val. Kirkepartner sin plattform vil vera framtida for kyrkja sine ikt-løysingar. Tilbakemeldingar så langt er då også at innhaldet i løysinga reint kvalitetsmessig verkar lovande. Vi får tilgang til ein plattform som vil vera felles for heile kyrkja. Slik sett vil det sannsynlegvis kosta meir å stå utanfor og bruka ei alternativ løysing. I dette

spelet er Austrheim sokn for små og vi er på mange måtar prisgitt dei føringane som vert lagt av andre.

F – 22/17 UTFØRING AV TENESTER FOR FESTAR

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd innfører frå 01.09.2017 følgjande satsar for tenester utført på vegne av festar på gravplassane i Austrheim:

- *Oppretting/montering av gravminne utan bruk av traktor eller tilsvarande: kr 450 pr time.*
- *Oppretting/montering av gravminne med bruk av traktor eller tilsvarande: kr 650 pr time.*
- *Tillegg for bruk av pukk eller singel.*
- *Ved oppsetjing av nytt gravminne vert det gitt ein garanti på inntil 5 år for nedsig og tilsvarande.*
- *Alle timeprisane er oppgitt utan mva.*
- *Timeprisane vert regulert 1 gong i året.*

Vedtak:

Austrheim sokneråd innfører frå 01.09.2017 følgjande satsar for tenester utført på vegne av festar på gravplassane i Austrheim:

- *Oppretting/montering av gravminne utan bruk av traktor eller tilsvarande: kr 450 pr time.*
- *Oppretting/montering av gravminne med bruk av traktor eller tilsvarande: kr 650 pr time.*
- *Tillegg for bruk av pukk eller singel.*
- *Ved oppsetjing av nytt gravminne vert det gitt ein garanti på inntil 5 år for nedsig og tilsvarande.*
- *Alle timeprisane er oppgitt utan mva.*
- *Timeprisane vert regulert 1 gong i året.*

Bakgrunn:

Nokre få gonger i året får kyrkjekontoret spørsmål om å setja opp nye gravminne. Her er det vanlegvis gravferdsbyråa som spør, på vegne av festar. Vi har også fått direkte spørsmål frå firma som lagar gravminne. Grunnen til at dette skjer er at Austrheim ligg der vi ligg og festar har benytta seg av firma som ikkje høyrer til i regionen. Det er difor praktiske årsaker til at vi får slike spørsmål. Vi har tatt eit gebyr for ei slik teneste på kr 750,-.

Kyrkjevevja har undersøkt litt om kva som er praksis andre stader i landet. Eg får litt ulike signal på kva som er praksis rundtom. Ein seier at fellestrådet ikkje skal ha ansvar for å setja opp gravminne, fordi dette er ei dobbeltrolle – både montør og kontrollør. Ein annan seier at ein må vera bevisst når ein

utfører eit slikt arbeid. Bruka timepris (ikkje gebyr men pris for ei teneste), rekna inn materialkostnader og bruk av verktøy. Vidare at ein er nøye på dette med garantiansvaret. Kor lenge og kor omfattande skal ein slik garanti vera? Til dømes vil det vera ei aktuell problemstilling kven som har ansvaret for å retta opp ein stein som har sige.

KA sin gravferdskonsulent opplyser at firma han har kjennskap til, tilbyr garanti til festar på både 5 og 10 år for denne typen tiltak.

Andre oppdrag vi får spørsmål om er gjenoppretting av gravminne på oppdrag frå festar. Dette er oppdrag vi får forholdsvis ofte spørsmål om. Her tek vi eit gebyr på kr 250 for kvar gjenoppretting. Dette er eit prisnivå vi har hatt som vi er samde om er alt for lågt.

Prisdøme henta frå nettet på vaktmestertenester ligg frå 450 til 472 kroner timen, avhengig av om det vert brukt utstyr eller ikkje. Dette er prisar utan mva. Eg har vidare innhenta timepris ved bruk av minigravar/traktor. Eit vanleg prispåslag er då omlag 200 kroner.

Drøfting:

Det er ei viktig innvending at vi må vera oss bevisste den moglege dobbeltrolla som montør og kontrollør og korleis vi bør forhalda oss til garantiansvaret.

På den andre sida vil det vera uheldig om vi kategorisk skal avvisa å yta ei teneste som oppsetjing av eit gravminne. I dei tilfella vi får slike spørsmål så handlar dette om eit firma som ikkje er lokalisert i regionen og som vil ha behov for hjelp til å setja opp gravminne. I desse tilfella er det urimeleg å kategorisk avvisa at vi ikkje gjer slike jobbar, av prinsipielle årsaker.

Kyrkjeverja har oppfatta at denne typen tenester til liks med at vi får oppdrag om å retta opp gravminner, at desse er prisa alt for lågt. Slik som prisane er i dag, er dei standardiserte og avspeglar ikkje om oppdraget er omfattande eller ikkje.

Kyrkjeverja fremjar difor framlegg om timepris, med og utan bruk av utstyr. Det vert lagt til eit tillegg for bruk av singel og tilsvarande. Prisane vil vera utan mva. Vidare bør vi innføra ein garanti på 5 år for oppsetjing av nye gravminne og såleis leggja oss på ei linje som er vanleg elles i marknaden.

F – 23/2017 RETNINGSLINER FOR BRUK AV SOKNET SINE FOND

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner retningslinjer for bruken av soknet sine fond.

Vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner retningslinjer for bruken av soknet sine fond.

Følgjande tillegg vart vedtatt:

- **Arvekonto 1 vert omgjort til gravlegat for gravminnet til Thordis Erlandsen og hennar foreldre.**
- **Bunden investeringskonto (kr 7.518)vert brukt til teknisk utstyr i kyrkja.**

BAKGRUNN:

Austrheim sokn disponerer i dag ei rad med ulike fond – både bundne og ubundne. Bundne fond må nyttast til det formålet som er gitt og kan ikkje overførast til andre formål. Bundne eller ubundne fond til investering kan utelukkande brukast til investering. Ubunde driftsfond kan fritt brukast til det formålet soknet bestemmer, også til dekking av underskot eller til investeringar. Fond som er øyremerka til investeringar kan ikkje brukast til drift.

Det er behov for å skaffa eit oversyn på fonda som soknet disponerer.

Fonda vert grovt sett delt inn i 2:

- **Bundne fond**
- **Ubundne fond**

Til dømes vil det vera behov for å definera innhaldet for fondet som gjevartenesta er avsett til (konto nr 3632 71 55592).

Bundne fond:

Av bundne fond har vi følgjande saldo pr 01.01.2017:

- | | |
|----------------------------|------------|
| • 28 gravlegat på tilsaman | kr 247.000 |
| • Bunde investeringsfond | kr 7.518 |
| • Helgaljod | kr 34.963 |
| • Kyrkjebakken | kr 133.538 |
| • Gjevartenesta | kr 105.011 |
| • Arvekonto 1: | kr 24.312 |
| • Arvekonto 2: | kr 133.635 |

Ubunde fond:

Av ubundne fond har vi følgjande pr 01.01.2017:

- | | |
|---------------------------|--------------|
| • Ubunde disposisjonsfond | kr 1.486.569 |
| • Ubunde investeringsfond | kr 50.477 |

Formålet med fonda/kontoane:

- Gjevartenesta: Skal dekkja lønsutgifter til prestestilling (eller tilsvarande) for arbeid i kyrkjelyden blant barn og unge.

- Arvekonto 1: Begge desse kontoane – «Erlandsen kontoane», skriv seg frå eit eigedomssal i 1999, som vart testamentert til «Austrheim menighet». Det ligg ikkje føringar på korleis midlane skal nyttast, bortsett frå at det av arven skulle setjast av midlar til gjevar og foreldra sin gravstad. Midlar frå desse kontoane har tidlegare mellom anna gått til messehakel, salmebøker og prosjektør,
- Arvekonto 2: Sjå over.
- Helgaljod: Midlar som var igjen etter at Helgaljod vart lagt ned. Midlane vert «oppbevart» av soknet i påvente av at Helgaljod vert etablert på nytt. Det er ikkje heilt klart kven som kan bestemma kva når det gjeld bruken av desse midlane.
- Gravlegata: Avsette innbetalte midlar som skal gå til å dekkja stell av gravminne til den personen/ane legatet tilhøyrrer. Midlane dekkja stell av grav samt innkjøp av blomar/plantar 5 gonger i året. 2 personar deler på denne oppgåva og får utbetalt ein årleg sum kvart år pr grav.

GRUNNGJEVING:

Det har etter kvart utvikla seg eit behov for å få oversikt på fonda til soknet og ikkje minst få retningslinjer for bruken av desse fonda. Dette vil gjera bruken av fonda meir ryddig og oversiktleg.

Til dømes bør gjevartenestekontoen vera definert til det formålet den er tiltenkt, slik at det ikkje skal vera tvil om at midlane går til det formålet det er samla inn til. Dette vil i seg sjølv gjera gjevartenesta meir attraktiv. Dermed er det tydelegare kva dei enkelte fonda faktisk skal brukast til.

RETNINGSLINER:

1. Innleiing:

- 1.1 Austrheim sokn har eitt sokn og soknerådet er også fellesråd.
Retningslinjene skal gje oversikt på og definera bruken av fonda.
- 1.2 Rekneskapsmessig underskot skal dekkast av dei fonda som naturleg er sett av til dei same formåla der underskotta har oppstått. Tilsvarande skal rekneskapsmessig overskot føra til avsetjing til ubunde disposisjonsfond.
- 1.3 Eventuelt overskot på fellesrådsområdet og underskot ved drift av kyrkjelydsarbeidet elles, skal balanserast ved å bruka fond for dei respektive områda.
- 1.4 Ubundne fond kan berre nyttast etter vedtak i soknerådet – om ikkje soknerådet har gjort vedtak om å delegera dette på annan måte.

2. Fonda i Austrheim pr 2017 og korleis desse skal nyttast:

Bundne fond:

- 2.1 **Gravlegat/gravstellsavtaler** – Midlar som er betalt inn frå privatpersonar for stell av graver. Kyrkjeverja har delegert ansvar for den daglege oppfølginga.
- 2.2 **Arvekonto 1 og 2 («Erlandsen kontoane»):** Kontoane skal brukast til formål i «Austrheim menighet» som det står i testamentet, samt ivareta gravstell for gravene til Thordis Erlandsen og urnegrava til foreldra Kari og Bernhard Erlandsen, så lenge det er fondsmidlar igjen. **Arvekonto 1 vert gjort om til gravlegat for familien.** For alle andre formål skjer dette berre etter vedtak i soknerådet.
- 2.3 **Helgaljod:** Kontoen vert «oppbevart» av Austrheim sokneråd. Det eksisterer ikkje eit styre for Helgaljod. Bruk av fondet skjer i samråd med tidlegare medlemmar av Helgaljod og etter vedtak i soknerådet.
- 2.4 **Kyrkjebakken:** Avsette midlar som skal gå til dekning av utgifter og eventuelt underskot på produksjon av Kyrkjebakken. Bruken av fondet skjer etter vedtak i soknerådet.
- 2.5 **Gjevartenesta:** Denne kontoen er no øyremarka innsamling av gåver til løn til kyrkjelydsprest – der arbeidet i hovudsak skal vera overfor barn og unge. Innsamla midlar skal kvart år setjast av på bunden konto til dette formålet. Bruken av fondsmidlar skjer etter vedtak i soknerådet.
- 2.6 **Bunde investeringsfond:** Avsette midlar til bestemte investeringar. Midlar kan berre brukast til investeringar, ikkje drift. Bruk av fondet skjer etter godkjenning i soknerådet.

Ubundne fond:

- 2.7 **Ubunde driftsfond:** Fondsmidlar som kan dekkja både investeringar og rekneskapsmessige underskot i budsjettet. Utbetaling skjer etter vedtak i soknerådet/fellesrådet.
- 2.8 **Ubunde investeringsfond:** Skal brukast til investering. Bruk av fondet skjer etter vedtak i soknerådet.

F – 24/17

AVSETJING AV GJEVARTENESTA TIL BUNDE FOND

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd vedtar avsetjing på kr 77.556 til bunde fond for gjevartenesta. Midlane vert tatt frå eventuelt overskot/mindreforbruk for 2017 – eller frå ubunde driftsfond.

Vedtak:

Austrheim sokneråd vedtar avsetjing på kr 77.556 til bunde fond for gjevartenesta. Midlane vert tatt frå eventuelt overskot/mindreforbruk for 2017 – eller frå ubunde driftsfond.

Bakgrunn:

Ved gjennomgang av sak om dei ulike fonda som Austrheim sokn disponerer, har det kome fram at midlar samla inn til gjevartenesta burde vore avsett til bunde fond. Soknerådet har i sak (F 10/17) vedtatt å avsetja mindreforbruket i 2016 til eit ubunde driftsfond. Hadde dette vorte gjort med det same, hadde overskotet/mindreforbruket for 2016 blitt tilsvarende redusert. Det vert difor fremja framlegg om at saldo pr 31.12.2016, pålydande kr 77.556 – som er innsamla midlar for 2016 samt oppsamla midlar nokre år før der igjen - vert overført til bunde fond for gjevartenesta. Frå gamalt av har det stått kr 27.455 på denne kontoen, som har blitt overført tidlegare. Når summen på kr 77.556 vert vedtatt overført blir saldoen kr 105.011. Dette er den inngåande summen på gjevartenestekontoen pr 01.01.2017. Summen kan bli avsett i forhold til eventuelt mindreforbruk/overskot for 2017 – eventuelt bruk av ubunde driftsfond, om rekneskapen for 2017 skulle gå med underskot. Soknerådet vil for ettertida vedta tilsvarende avsetjing i samband med godkjenning av rekneskapen for året før.

AUSTRHEIM SOKNERÅD

MØTEBOK – TITTELARK

SOKNERÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
21.09.17

Tilstades på møtet:

Medlemer: Helge Dyrkolbotn, Per Børge Hillestad, Arne Lerøy, Svein Tomas Villanger, Anny Bertelsen

Varamedlemer: Inger Synnevåg

Andre:

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Sylvelin Fonnes, Anita Bakke, Kine Lerøy

Desse møtte ikkje: Britt Ystebø, Jusu Gyflan

Saker til førehaving:

Soknerådsaker: S – 14/17 – 18/17

Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S- 14/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S- 15/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 22.11.16

Vedtak:

Møteboka frå 08.06.2017 vart godkjent utan merknader.

S- 16/17 ORIENTERINGSSAKER

Det vart orientert om følgjande:

- Om status for planane for korhelgja 20.- 22.oktober.
- Om at Fedje sokneråd treng litt meir tid på seg i forhold til korleis dei vil rigga si gjevarteneste.

S- 17/17 GUDSTENESTEPLAN 2018:

Framlegg til vedtak:

Utkast til gudstenesteplan for 2018 vert tatt opp til drøfting i soknerådet.

Følgjande vart drøfta i møtet til denne saka:

Soknerådet er positive til å prøva ut fleire kveldsgudstenester. Ønskjer å laga facebookevent før gudstenestene. Soknet er positive til at det vert lagt til rette for 8.mai gudstenesta på Selsøy, også økonomisk om det skulle visa seg naudsynt.

Vedtak:

Austrheim sokneråd vedtar gudstenesteplan for 2018 slik den ligg føre.

S- 18/17 MØTEPLAN FOR RESTEN AV 2017:

Vedtak:

- *Arbeidsutvalet: 17. 10 og 28.11.*
- *Soknerådet: 25.10 og 13.12.*